



Velledalen – der folk trivst, er alt muleg

Generalforsamling i ViB

Torsdag 7. juni kl 2000 er det generalforsamling i Velledalen iBalanse AS. Årsmelding, rekneskap og sakliste ligg på Joker og på nettsida.

Styret oppfordrar Velledalingane til å møte opp, også dei som ikkje er aksjonærar.

Val av ny leiar er ei av dei sakene det knyter seg mest spenning til.

Grendahuset

Generalforsamlinga i Grendahuset er onsdag 13. juni kl.20.00 på kjøkkensalen. B-luteigarane har møte kl.19.00. Vanlege årsmøtesaker.

Hytta på Brunstadkollen

Det nærmar seg offisiell opning av hytta på Brunstadkollen den 24. juni. Gruppa som har arbeidd med bygginga har gjort ein stor innsats. No er det og sett opp nye skilt som viser råsa til Kølen. Opninga vert i samarbeid med Velledalen I.L og det vert også «Fjøre til Fjells» - tur denne dagen.

Brunstadskulen

Som vi veit så har kjellaren i Brunstadskulen stått halvferdig i mange år. No er den så og sei ferdig! All honør til ungdomane i dalen som har stått som pådrivarar og jobba med saka. Takk og til dei vaksne som har hjelpt til.

Brøvøllsfestivalen

Årets festival går av stabelen 29. og 30. juni og til helga startar billettsalet. Mykje spennande står på programmet i år. "Trekkplaster" er Rune Andersen og Sigrid Bonde Tusvik. Også aktivitetsdagen på laurdag har mange spennande ting på menyen. Gjennomføringa er ein stor jobb, og vaktlistene frå Lag på Lag kjem snart i posten. Ta vakta di med eit smil☺

Det vert også arrangert Sykkylven Rundt laurdagen, der V.I.L og Sykkylven Sykkelklubb er arrangørar.

Korpset

Årets korpstur gjeng til Bergen, og musikantane tek inn på hotell midt i byen. Korpset reiser 21. og kjem att 24. juni. Vi håper at dei får ein fin tur, og dei skal mellom anna på akvariet, Fløybanen, Vilvite-senteret og dei skal spele konsert i byen.

Velledalen Montessoriskule AS.

På siste generalforsamling skifta skulen namn frå Velledalen Privatskule til Velledalen Montessoriskule. Arkitekt og konsulentar er snart ferdige med teikningar og anbodsdokument. Lavbygget skal rivast og der skal det byggast eit tilbygg på om lag 275 m2. Elles skal sjølvstekt eksisterande bygg pussast opp. Dei nye teikningane vart snart lagt ut på nettsida, og dei vert og lagt ut på Jokerbutikken.

Skulen har inngått leiegavtale med grendahuset om å bruke det til undervisningslokaler medan ein renoverar/bygg på skulen.

Det er 44 elevar som skal gå på skulen komande skuleår, og heile 12 av dei er 1.klassingar.

Det meste av personalet er no klart, og mellom anna har ein tilsett ein montessoripedagog som har mange års erfaring frå montessoriskule i Drøbak.

Tone Lind frå Stranda er tilsett som leiar for SFO

Fotball

FK Sykkylven spelar sine kampar på Dalemyra no i vår, dette gjeld både herre, dame og guttelaget. Ta turen og hei på spelarane og kjøp deg kaffi og vafler i kiosken. Inntekta der går til VRF.

Husvære

Alle husa som har vore til sals i dalen er no selde, og tomannsboligen i Tregardane er opptatt. Det er stadig vekk folk som tek kontakt med ViB for å høyre om vi veit om noko som er ledig. Har du eit ledig husvære så ta gjerne kontakt med ein i styret i ViB so kan vi vidareformidle og også sette det på nettsida.

Torsdagsmiddag

Skulematen har vore ein suksess dette skuleåret, og elevane gir uttrykk for at dette er veldig kjekt. Kafeen på ettermiddagen har også vore bra besøkt, men der er plass til fleire. Det er to gongar att med torsdagsmiddag dette skuleåret og torsdag 7. juni vert det rømmegraut, 50 kr pr.person og siste gongen 14. juni vert det brennsnut med mykje godt i. Møt opp, kjøp deg god mat, ver sosial og støtt opp om det som skjer i dalen☺

Hugs årsmøtet i ViB

Meld nytt til Dis og velledalen.net

Utgivar Velledalen i Balanse AS